

Bjørsvik 21.02. 2021

Alver kommune.

Byggesak - Alver kommune 231/70 Bjørsvik utviding av flytebryggje for Bjørsvik Båtlag.

Krav om å ta saka opp til ny handsaming.

Vi viser til vår søknad, vedtak og seinare avslag om utviding av flytebryggja vår i Bjørsvik.

Etter nøye gjennomgang av all dokumentasjon i samband med denne saka, ber vi om at saka vert handsama på nytt då det viser seg at det er gjort fleire feil i sakshandsaminga.

1.

Lerøy Vest søkte i 2016 om dispensasjon frå kommuneplanen for å gjennomføra ei betydeleg utviding på land og i sjø for del av gnr.231 , bnr.6 og del av 229, bnr. 9.

I tillegg vart det søkt om å få leggje ut flytebryggje langs steinfyllinga i sjø, ut mot "farleia ", innseglinga til den kommunale kaien og indre del av vågen.

Som kjent var det gjeve disp. frå kommuneplanen for desse tiltaka, og vi meiner at dette må medføre presedens for liknande tiltak i området, slikt som det vi har søkt om.

Etter det vi kjenner til kom det ikkje inn klager mot desse tiltaka med tanke på dyre og fuglelivet, eller tilflotsrett til indre del av vågen, frå dei som no klagar på det vesle tiltaket Bjørsvik Båtlag har søkt om.

Vi krev likheit for lova, sjølv om tiltaket vårt er lite.

2.

Når vi søkte om utviding sendte vi nabovarsel til Lindås kommune som vår nabo, med tanke på den kommunale kaien og veikanten vi er knytte til.

Som "låntakar" av den kommunale kaien var ikkje VBL og Oster å betrakta som nabo, difor vart det difor ikkje sendt nabovarsel til dei. Noko dei heller ikkje hadde krav på , etter det vi fekk opplyst.

Vi meiner difor at ein klage frå Veteranbåtlaget ikkje er relevant i denne saka.

Vi minner om at Lindås Kommune sette av eit sjøareal i kommuneplanen, tiltenkt Bjørsvik Båtlag, og finn det merkeleg og urimeleg at same Administrasjon tillet VBL å bruke delar av dette arealet til snuplass.

Slik det går fram av dokumentasjonen, i samband med vårt tiltak, er klagen frå Veteranbåtlaget / Oster

betydeleg vektlagt, og av fleire instansar brukt som hovudargument mot vårt tiltak.

Både Fylket , Kystverket og Alver Kommune viser til klage frå VBL/ Oster. Noko som medførte at løyvet vi fekk vart trekt attende.

Det er verdt å merke seg at det berre er Utval for Plan og Miljø og Hevnevesenet som har vore på befarung i Bjørsvik. Begge partar var positive til utvidinga og hadde ikkje innvendingar mot tiltaket vårt.

Når vi i januar 2020 , og med fleire purringar i februar og september, etterlyser dokumentasjon på løyvet kommunen skal ha gjeve Veteranbåtlaget til å disponera kaiområdet, parkeringsarealet i Bjørsvik, til kommunen, og ha Oster liggjande permanent ved kommunekaien i Bjørsvik, så får ein ikkje svar.

Dette meiner vi bekreftar det mange hevdar:

VBL / Oster fekk eit mellombels muntleg løyve til vinteropplag, då den kom til Bjørsvik i 1998.

Det skulle ikkje drivast vedlikehald der, og Oster skulle ikkje liggje ved kai der om sommaren.

VBL / Oster har sett det som ein rett å bandleggje kommunekaien i Bjørsvik. I klagen omtalar dei også kommunekaien som sin kai.

Det vert drive vedlikehald som ureinar både til luft , sjø og miljø.

Vi minner om at Lindås Kommune, i gjeldande kommuneplan, har sett av eit sjøareal på kartet, tiltenkt Bjørsvik Båtlag.

Dette er vi takksame for, og på det grunnlaget har vi gjort alt arbeidet med søknad om utviding, etterkome alle krav og lagt ned mykje arbeid og lagt ut betydelege beløp for å få dette til.

Vi finn det difor merkeleg , og urimeleg , at same Administrasjon tillet VBL/ Oster å bandleggje delar av dette arealet til snuplass.

Resultatet av at Oster okkuperer kommunekaien merkar båtlaget kvart år, då det ellers ikkje er råd å gå i land i Bjørsvik, om ein ikkje skal leggje til på privat område, eller i båtlaget sine plassar, slik det ofte skjer.

Minner også om at Bjørsvik Båtlag måtte ordne med privat parkering for å få godkjent utviding av flyebryggja. Søkje om, og få godkjent, tilknytning til kommunal eigedom/ vei. Sjå ellers utfyllande dokumentasjon i samband med saka.

.

3.

Vi meiner ellers at vi så langt råd er , har imøtekome dei andre to klagepartane.

Ved å dreie flytebryggja, slik det er søkt om , vil begge partar få betre havnetilhøve og større sjøareal utanfor sine eigedomar.

Dette framgår også i kommentarane frå Utval for Plan og Miljø, samt Bergen og Omland Havnevesen. Fordelane er vesentleg større enn ulempene.

Når det gjeld dyre og fuglelivet i Bjørsvik så har det vist seg gjennom tidene å variere sterkt.

Bjørsvik Båtlag er også interessert i å ivareta dette på beste måte, og ser ikkje noko konflikt der i samband med utvidinga. Som dei fleste veit er dyr og fuglar flinke til å tilpasse seg miljøet. Det viser bla.

arealutvidinga til Lerøy Vest.

Til opplysning:

1.Som ei direkte følgje av Oster sin manglande manøvreringsevne har vi sett oss nøydde til å utvide forsikringa på båthavna. Dette har medført ei dobling av utgiftene våre.

2.Det siste som skjer i båtlaget er at ein må redusere antal båtplassar for å gje plass til dei som kjem med båtar som krev litt meir plass enn ein gamal robåt

Standard breidde for plass til småbåtar hos oss er 2,3 m. lysopning. Dei fleste nyare småbåtar krev opp mot 3m lysopning.

Dette tok vi også med i dokumentasjonen når vi søkte utviding.

NB.

Jfr. også Bjørsvik Bygdelag sitt skriv til Alver kommune vedr. tilhøva i Bjørsvik.

For Bjørsvik Båtlag

Nils M. Molvik

Leiar.